



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG



Vår dato:  
29.08.2019  
  
Dykkar dato:  
01.08.2019

Vår ref:  
2019/16771  
  
Dykkar ref:  
19/1589

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til dispensasjon for rehabilitering av fundament til naust, etablering av støttemur, trapp og båtslipp på gnr. 57 bnr. 8, Sætre, Meland.

Vi viser til brev frå kommunen datert 01.08.2019 og tilleggsinformasjon mottatt 21.08.2019. Slik Fylkesmannen forstår det er det søkt om dispensasjon frå planføremål næring og LNF i kommuneplanen sin arealdel og byggjegrense mot sjøen for rehabilitering av fundament til eksisterande naust, etablering av trapp ned til naust, oppføring av støttemur på land og båtslipp. Det ser ut som det også er naudsynt med dispensasjon frå formål i sjø.



### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen/reguleringsplan og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.



Fylkesmannen har ingen merknader til rehabilitering av fundament til naustet og at naustet får eit funksjonelt båtopptrekk. Vi har også forståing for at det er naudsynt med ei støttemur i bakkant for å hindre jordras. Vi meiner det er viktig at tiltaka ikkje vert større enn naudsynt. Situasjonskartet viser ikkje kor store tiltaka er, og vi kan ikkje sjå at det er med ei konkret skildring av alle tiltaka. Det er difor noko vanskeleg å vurdere terrenginngrep og landskapsverknad. Vidare sakshandsaming må belyse desse temaa. Tiltaket vil også, til ei viss grad, auke privatiseringa av området.

Fylkesmannen kan ikkje ta endeleg stilling til saka før saka vert betre opplyst. Utifra dei dokumenta vi har no, rå vi til at omfanget av båtopptrekket vert redusert og at terrenginngrepa bak naust og båtopptrekk vert så lite som mogleg.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*